

## **Saka som vedkjem alle...**

Ordføraren sa i sitt innlegg i Vikebladet 13.03.22 at saka om skulestruktur vedkjem alle. Det er heilt rett! Haddal er ei svært levande bygd, unge som eldre. Her er mange veldrivne organisasjonar og lag. Desse laga held øvingar, treningar, tilstelningar, møteaktivitet i grendahus/skulen. Vi er no svært bekymra for kva som vert framtida til desse knytepunkta. Kva skjer med desse om skulen vert lagt ned? Kven eig bygget? Kvar skal vi øve, kvar skal vi trene? Kvar vert barna av? Kvar vert samahaldet av? Kvar vert tilbodet om kulturskule av? Kvar skal vi ha konsertar og kaffear? I lag med skulen er aktivitetane heilt avgjerande for å ha ei levande bygd. Om skulen vert lagt ned, forsvinn desse aktivitetane og der nest samhaldet. Skulebarna forsvinn i ulike retningar; mange til nabokommuna Herøy, nokre til Hasund krins, nokre må til og med flytte frå heimen, for å få logistikken til å gå opp. Med dette forsvinn den gode oppveksten som barna våre, og vi voksne har i dag. God oppvekst er eit av satsingsområda til Ulstein kommune. Ved å rasere krinsane er de med på å rasere oppveksten også.

Ordføraren uttalar seg om at andre skular har vorte lagt ned, og at det har gått bra. For det første kan ikkje dette samanliknast: elevtalet er ulikt, avstanden er ulik, tida er ulik osv. Vidare seier ordføraren at det har gått bra med desse bygdene. Kva veit han? Bur han der? Har han spurt dei som bur der? Eg har snakka med innbyggjarar på Dimna, som seier at etter skulen vart lagt ned, har samholdet bleikna, alle fritidsaktivitetar er vekk... Har det gått så bra då?

Haddal musikkorps er eit dugnadsdrive korps. I dei seinare år, der korps har blitt lagt ned og mange slit med rekrutering, har Haddal musikkorps stått støtt. Antal musikkantar er stabile. Det er vi svært glad for! I ei ellest så vanskelig tid med covid og andre utfordringar, er det i Haddal det er rekruttert mest korps-elevar i kommuna.

Haddal Musikkorps har eit svært godt samarbeid med Ulstein kulturskule. Elevane i Haddal har timar med kulturskulen på skulen/grendahuset rett etter skuletid, før dei eventuelt går på SFO, eller heim. Dette er vi sjølvsagt svært nøgde med. Kva skjer med dette tilbodet om skulen vert nedlagt? Kva tilbod får barna i Haddal då? I skuletida får elevane i Haddal oppleve skulekonsertar med kulturskuelelevane. Eg tenker at det tette samarbeidet er med på å skape god vekst for korps og kulturlivet her inne. Musikk refererast ofte som «balsam for sjela», og forskning viser at musikk har positiv effekt på læring. Her samlast folk på tvers

av kjønn og alder. I korpsa får ein vekse med oppgåvene. Alle får vere med, ifrå 8-10 år og til «evig» tid, vi presterer i lag, og håper vi får muligheta til å fortsette med det!

Til slutt:

Haddal musikkorps feirer 50 år 2025. Vi ønsker oss mest av alt at vi får slå på stortromma, i vår eigen storsal, å feire dette året. KJÆRE KOMUNESTYRET gi oss den muligheita.

La krinsskulane leve – vi treng dei !!

Mvh Styret i Haddal musikkorps